

VEST LANDBRUKSTENESTER STYRET SI ÅRSMELDING 2010.

TYPE VERKSEMD OG LOKALITET.

Vest Landbrukstenester driv med formidling av avløyssarar til medlemmane i Stryn og Selje kommune. VLT formidlar avløyssarar både ved ferie/fritid og ved sjukdom. VLT har innført landbruksvikarordning ved sjukdom og ferie/fritid. Har fått tildelt 2,15 årsverk og får tilskudd på kr 253.500 pr årsverk.

VLT har arbeidsgjevaransvar for alle som dei lønner ut. VLT tek imot innmeldingane til semintenesta i Stryn kommune.

FRAMLEIS DRIFT / ENDRINGAR I MARKNADSFORHOLD.

Reknekskapet for 2010 og budsjett for 2011, er sett opp under forutsetning av framleis drift av laget. Rekneskapen gir eit rettvisande bilete av VLT. Styret kjenner ikkje til nokon viktige forhold, for å bedømme VLT si stilling og resultat, som ikkje kjem fram av resultatrekneskap og balanse med noter. Det har heller ikkje etter at rekneskapsåret gjekk ut skjedd ting som etter styret si meining har betydning for bedømming av rekneskapet.

Strukturen i landbruket er under stadig endring. Større og færre einingar vil etter kvart påverke omsetninga i VLT.

VLT har innført medlemskontingent og tar på seg lønnsoppdrag for andre enn bønder.

ARBEIDSMILJØ, PERSONALE OG YTRE MILJØ.

Vest Landbrukstenester har eige verneombud for avløyssarane.

Sjukefråværet i 2010 er 0,5 % for avløyssarane og 0,1 % for kontorpersonale.

Det er ingen registrerte yrkesskader i 2010.

Dagleg leiar har godkjent HMS-kurs.

Vest Landbrukstenester har OTP ordning for sine tilsette.

VLT forureinar ikkje det ytre miljø.

LIKESTILLING

Styret består av tre menn og tre kvinner.

Andel kvinner og menn tilsette i laget:

Dei tilsette på kontoret er kvinner. Av ringavløyssarane er det ein mann. Av lagsavløyssarane og familieavløyssarane er ca. halvparten kvinner.

DISPONERING AV ÅRSRESULTATET.

Årsresultat for 2010: kr. 31.032,-

Til fri egenkapital: kr. 31.032,- (ny fri EK kr 591.406,-).

Ulvedal, 15.02.11

Knut Tjugen
-styreleiar-

Maria Loen
-nestleiar-

Sonja Skåre Esperø
-styremedl.-

Norvald Dalsbø
-styremedl.-

Lillian Rose Bolstad
-styremedl.-

Rune Vonheim
-avl.rep.-

Salvatore Ligia
-varamedl.-